



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4,
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 10.10.2020

Møtebok Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 08.10.2020

Møtetid: kl. 10.00

Møtestad: Høyanger bedehus

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Lars Petter Amundrud, Kari Henny Dale, Torunn Styve, Sissel Sørebo (på telefon), Rolf Aamot.

Meldt forfall:

Sturla Bell Fossen, Tonje Førde Systad, Kenneth Førde, Frode Merkesvik, Andreas Ester

Kopi av møteboka går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Henjesand Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Toril Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok
Godkjent utan merknader.

Meldingssaker

- 000023 Soknepresten har ordet**
I soknepresten sitt fråvær las kyrkjevevja ein tekst frå profeten Haggai om å byggje Herrens hus.
- 000023 Rekneskapsrapport 2020**
Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet
- 000024 Fordeling av arbeidsoppgåver og ansvar ved kyrkjekontoret**
Kyrkjevevja orienterte.

Vedtaksaker

Sak 022/20 HØYANGER KYRKJELEGE FELLESRÅD SITT BUDSJETT 2021

Vedtak:

Budsjett 2021 er sett opp i samsvar med Høyanger kommune sitt budsjetttrundskriv, samt KLP sin prognose for pensjonskostnader. Det er lagt inn lønsvekst på 3%, pensjonskostnader på 18,08% og arbeidsgjevaravgift på 10,6%. Budsjettet tek sikte på å oppretthalde det driftsnivå vi hadde før Koronaepidemien, dvs. at vi skal halde det tal gudstenester biskopen forordnar, og at vi skal ha dei kyrkjelege handlingane og aktivitetane som rettar seg mot barn, unge, vaksne og eldre, inkludert andakter på sjukeheimane. Festeavgiftene 2021 er budsjettert med kr. 484 500.

Det er sett av kr. 100 000 til vedlikehald kyrkjer, herav kr. 50 000 til fjerning av oljetank ved Høyanger kyrkje, og kr. 100 000 til vedlikehald av gjerde på gravplassar, 78 500 til stemming og vedlikehald av alle orgla våre, og kr. 160 000 i energikostnader. Budsjettet er på kr. 5 614 619. Kommunal løyving har vore uforandra frå 2019, og vi ber derfor no om auke på 100 000.

Høyanger Kyrkjelege fellesråd søkjer om ei kommunal løyving for 2021 på kr. 4 275 000.

Sak 023/11 FRAMTIDA TIL HØYANGER BEDEHUS

Saksutgreiing:

Høyanger kyrkjelege fellesråd søkte i 2020 om kommunal løyving til istandsetting av Høyanger bedehus til forsamlingshus med livssynsnøytralt seremonirom. Den søknaden vart avslegen. Spørsmålet er om saka likevel kan førast fram til ei overtaking av bedehuset, men med ei anna tilnærming, med ei anna finansiering, og med ein annan framdriftsplan?

Fellesrådet gjorde i sak 009/20 den 27.02.2020 slikt vedtak:

Punkt 1: Fellesrådet bør søkje om forlenga akseptfrist til 31.12.2020. Det er gjort.

Punkt 2: Før ei endeleg avgjerd kan takast må fleire spørsmål avklarast i tråd med oppsummering frå møta med Høyanger kommune. Kyrkjeverja får fullmakt til vidare forhandlingar.

Punkt 3: Høyanger kyrkjelege fellesråd stiller seg positiv til bruk av Høyanger bedehus som livssynsnøytralt seremonirom, i tillegg til bruk som kyrkjelydshus.

Punkt 4: Høyanger kyrkjelege fellesråd må innan utgangen av året lage ein plan for rehabilitering, finansiering og framtidig bruk av Høyanger bedehus.

Punkt 5: Høyanger kyrkjelege fellesråd vil, når planar og avklaringar ligg føre, handsame saka på nytt innan 31.12.2020.

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd ber om at saka, i tilfelle ei overtaking av Høyanger bedehus, vert meir utgreidd i høve alternativ finansiering av ei modulbasert opprustning av bedehuset. Det er i første rekkje snakk om skifting av tak, handicaptalett, og skifting av vindauge. Det må også lagast ein plan for inntektsgjevande utleige av bygget, til dekning av driftsutgifter. Høyanger kyrkjelege fellesråd vil setje ned ei nemnd som skal arbeide med desse spørsmåla, saman med kyrkjeverje. Vi vil også søkje kommunal hjelp i arbeidet med å få dei nødvendige avklaringane kva gjeld kostnader og støtteordningar. Saka kjem opp på fellesrådet sitt møte den 03.12.2020.

For Høyanger kyrkjelege fellesråd

Bjørnar Otterstein
kyrkjeverje